



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for april 2018.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang 53



ROTARY:
MAKING A
DIFFERENCE

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Sverre Jarl Ulstein
Visepres: Vegard Gjerde
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Eileen Hareide Brandal
Styremedlem: Bjørn Teigene
Styremedlem: Knut Strømsjordet
Ansv.red.: Vigdis Riise
Referent: Aage Nytun

Jeg velger meg april!

Jeg velger meg april
I den det gamle faller,
i den det ny får feste;
det volder litt rabalder,-
dog fred er ei det beste,
men at man noe vil.

Jeg velger meg april,
fordi den stormer, feier,
fordi den smiler, smelter,
fordi den evner eier,
fordi den krefter velter,-
i den blir somren til!

Bjørnestjerne Bjørnson

Referat frå Rotarymøte 9. april 2018.

Denne dagen var det rydding av plast som stod på programmet.

Vi møttes på Overåsanden kl. 17.00 og fekk tildelt roder. I tillegg til medlemmane var det også ein del andre frivillige som stilte.

Ryddinga foregjeikk frå Raffelneset til Hjørungavåg med rydding langs fjøra, langs vegen frå Hareid til Hjørungavåg og langs gamlevegen frå gamle Hjørungavåg-brua til Overå.

Mykje plast og anna rusk vart samla i sekkar, og Sparebank 1 sponsa kvar sekk vi samla inn med kr. 100,-. Kl. 19.00 samla ryddegjengen seg på Overåsanden for kaffi og kaker som Vigdis og Eileen stod for.



Referat frå Rotarymøte 16. april 2018.

Presidenten ønskte velkomen til møtet og til opning song vi "Hu hei, kor er det vel friskt og lett".

Presidenten takka så dei som var med på den store dugnaden for innsamling av plast sist måndag, og takka også dei som stod føre med kaker og kaffi.

Presidenten orienterte så om at dørene til møteromet vårt vert åpna kl. 17.30 slik at dei som ynskjer å drøse rundt borda før sjølve møtet kan gjere det.

Dagens foredragsholder var arkeolog Arve Nytnun.

Han har mastergrad i arkeologi og var ferdig utdanna i 2013, med spesialisering innen historisk arkeologi. Han er tilsett i Møre og Romsdal Fylkeskommune, der han bl.a. har ansvaret for fartøyvern, feltarbeid, og han er også formidlingskoordinator.

Geografisk har han hovudsakleg ansvar for Hareid/Ulstein, Ørsta/Volda, og Sande/Vanylén. Han meinte at vi er lite flinke til å vise fram dei kulturminna vi har i området vårt, både for oss som bur her og for folk som besøker oss. Kulturminna burde i langt større grad vore merka og med informasjon om kva som ein gong var der.

Alle kommunene i landet har krav på seg å utarbeide kulturminneplanar . 90% av kommunene har dette på plass, og i Møre og Romsdal ligg vi godt an, kun to kommuner står att.

Han viste så planen for Hareid og funna som er gjort og registrerte her. Desse funna er sende til Bergen og blir oppbevarte der. Planen vart send rundt slik at vi fekk sjå han, det same vart planen som er utarbeidd i Ørsta.

Han viste også bilete frå utgravingar som er gjorde i området vårt.

Til slutt vart det stilt ein del spørsmål frå salen, m.a. om konflikter som kunne oppstå mellom utbygging av område og vern. Men som arkeologen sa, så har det ikkje vore noko problem i hans område mens han har jobba her. Dei er heller ikkje intereserte i noko konflikter, men må fylgje det regel- og lovverket dei er pålagde i slike saker.

Referat frå Rotarymøte 23. april 2018.

Denne dagen var det dugnad på Rotarystien. Det vart grusa og rydda langs stien, og etterpå var det kaffe og kaker til dugnadsgjengen.

Referat frå Rotarymøte 30. april 2018.

Presidenten ønskte velkomen til møtet og til opning song vi "Mellom bakkar og berg". Dette var siste møte i april og i utgangspunktet eit programfritt møte, men presidenten hadde likevel litt på agendaen.

Presidenten takka for innsatsen til dei som deltok på dugnaden sist måndag, han tykte dei hadde fått gjort mykje på den korte tida.

Så var det klart for opptak av eit nytt medlem i klubben vår, og ordet vart gitt til seremonimeister Johan Ole Brandal. Han presenterte så vårt nye medlem, Karl Johan Bakken, og fortalde litt om hans bakgrunn og kva han har arbeidd med tidlegare. Han sa så litt om Rotary og kva Rotary står for. Presidenten, som også er fadder for den nye medlemen vår, festa så rotarynåla på jakkeslaget til Karl Johan.



Deretter orienterte John Stennes om eit Global Grant-prosjekt vi er med på i Armenia. Han refererte frå sitt sjette besøk der og viste bilete frå besøket. Dette er eit stort prosjekt der vi m.a. er med på innkjøp av nødvendig utstyr til eit sjukehus der. John viste også ein video av overlegen ved sjukehuset som takka Hareid Rotaryklubb v/John Stennes for den gode hjelpa vi har vore med på i samband med utstyr og hjelpemiddel til sjukehuset. John hadde også med seg ein vimpel som vart overlevert til vår president.

Karin S. Holstad fekk så ordet og orienterte frå eit rotarymøte for klubbane i området som ho hadde vore på i Ålesund, og om Mama Clara prosjektet vårt i Peru.

Ho fortalde litt om kva dei ulike klubbane rundt oss jobba med for tida. Naboklubben vår Ulstein, er for tida i full gang med bygging av to gapahukar, ein i Bugardsmyrane og ein ved Lisjevatnet.

Mama Clara prosjektet vårt i Peru, der vi samarbeider med åtte klubbar på Sunnmøre, går etter planane, og prosjektet er no fullfinansiert. Kjøkkenet med nytt og moderen utstyr skal vere ferdig i oktober, og samarbeidet vi har med den lokal rotaryklubben Arequipa, fungerer fint. Rett etter møtet skulle president Sverre og Karin til eit nytt møte i Herøy Rotary for å orientere om prosjektet der.